

Søk om momskompensasjon

Kva er momskompensasjon?

Friviljuge organisasjonar kan søkje om å få kompensert meirverdiavgift (moms) dei har hatt ved kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er å fremje friviljug aktivitet.

Frå 2019 får lag som ikkje er registrerte i Frivilligregisteret søknaden avslått. Dette er ikkje det same som å vere registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

Korleis søkje?

Noregs Mållag sentralt sender ein felles søknad for alle lokallaga til Lotteri- og stiftelses-tilsynet. Det einaste lokal- og fylkeslag må gjere, er å melde inn driftskostnadene, **og leggje ved godkjend rekneskap**. Det vil seie at rekneskapen må vere revidert av ein revisor eller annan oppnemnd tilsynsperson, signert og godkjend av årsmøtet. Noregs Mållag reknar ut søknadssummen.

Kva er grunnlaget for søknadssummen?

Grunnlaget er årsrekneskapen for fjoråret. Søknadssummen er om lag 7 prosent av driftskostnadene. Det kan søkjast om kompensasjon for alle typar driftskostnader til dagleg drift.

Dei lokallaga som til dømes har kjøpt bokpakker til barnehagar i sin kommune, kan ta med dette i sin søknad. Andre døme er trykking av blad, eller innkjøp av rekvisita/vinstar.

Finanskostnader skal ikkje reknast med. Døme på finanskostnader er renter, purre- og saksgebyr. Ein må også trekkje i frå utgifter til bygg og anlegg som ikkje blir nytta til frivillig verksemd.

Kva er fristen?

Fristen for å sende søknad til oss er **1. august**. Utbetaling til lokallaga er i midten av desember.

Fyll inn:

Namn på lag: _____ *

Organisasjonsnummer: _____ *

Driftskostnader frå revidert rekneskap.

Finanskostnader skal ikkje reknast med. kr _____ *

EVENTUELLE FRÅTREKK:

Kostnadsførte ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg og annan fast eigendom – kr _____

Avskrivningar på aktiverte kostnader på bygg, anlegg og annan fast eigendom – kr _____

Drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld bygg og annan fast eigendom utleigd til eksterne – kr _____

Sum søknadsgrunnlag = kr _____ *

Sender med godkjend rekneskap: JA: *

*=må fyllast ut

Send til:

Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 Oslo eller på e-post til per.arntsen@nm.no Har du spørsmål, kontakt økonomikonsulent Per Henning på telefon 23 00 29 35.